

KONFIRMANT

25/26

Naustdal og Vevring

Konfirmant?

Kven kan bli konfirmert?

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja – både du som trur tviler, er usikker, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Det er viktig for oss å gje rom for dei store livsspørsmåla, og vi ynskjer at ungdom skal få moglegheit til å vere med i eit miljø kor ein får utforske trua på Jesus og moglegheit til å vekse i den.

For å bli konfirmert på sjølve konfirmasjonndagen, må du vere døypt. Om du ikkje er døypt frå før, vert du døypt i løpet av konfirmantåret. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant .

FORELDREMØTE OG SAMTALE

Dersom du vil vere konfirmant i Naustdal kyrkje ynskjer vi velkomen til foreldremøte og samtale måndag 16. juni kl. 18:00 (A-klassen) og 19:30 (B-klassen) på kyrkjelydshuset. Det er viktig at minst ein føresett frå kvar konfirmant møter. Vi legg også opp til korte oppstartsamtaler med prest og kvar enkelt konfirmant denne dagen. Her må ein førebu seg på litt ventetid.

PÅMELDING INNAN 16. JUNI

Påmelding gjerast digitalt: kyrkja.no/naustdal

KOSTNAD

Konfirmantåret kostar kr. 1 500,-. Beløpet dekker blant anna mat ved samlingar, konfirmantleir, festival og materiell. Det går an å søkje kyrkja om støtte dersom det er behov for det.

DATOAR OG TING SOM SKJER

Opningsdagar og presentasjonsgudsteneste august 2025

Det blir oppstartsamling laurdag 30. og søndag 31. aug. Tidsramme kjem vi tilbake til, men desse dagane er nødvendige å få med seg så hold dei av.

Undervisningsdagar ut over dette, får de vite meir om på informasjonsmøte.

Konfirmantpresentasjon i Vevring: *24.aug kl. 11:00*

Konfirmantpresentasjon i Naustdal kyrkje: *31. aug. kl. 16:00*

Konfirmantfestival laurdag 25. okt. – 2025

Dagsarrangement på Sande med ulike aktivitetar saman med konfirmantar frå andre stader i Sunnfjord. Dette vert ein stor «happening»!

Konfirmantleir mars 2026

Leiren er ofte eit høgdepunkt i konfirmantåret! Vi reiser på leir på Alværa leirstad, saman med Jølster-konfirmantane.

Innsamlingsaksjon mars 2026

Kyrkja engasjera seg og arbeidar for miljø og solidaritet og Jesus oppfordra oss til å gje vidare av det vi har. Derfor er alle konfirmantane også med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Les gjerne meir på fasteaksjonen.no.

Klubbkveld:

I løpet av året vil vi arrangere 2-3 klubbkveldar – sannsynleg søndagskveldar med fokus på å ha det kjekt. Meir info kjem.

Tenesteoppgåver og gudstenester

Ein del av konfirmantåret vil vere å bli kjent med kyrkja sitt arbeid.

Konfirmantane blir tildelt ulike oppgåver i gudstenester og er med som medhjelpar på samlingar for yngre årsgrupper, til dømes: 4-års samling, Lys Våken, Tårnagent m.m. Føresette vil og få spørsmål om å bidra med ulike oppgåver – sjå spørsmål i innmeldingsskjema. Kvar konfirmant skal gå på totalt 10 gudstenester i løpet av konfirmantåret.

Konfirmasjonsdatoar

3. mai 2026: konfirmasjon i Vevring

10. mai 2026: konfirmasjon i Naustdal



Velkommen som konfirmant!